



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
31.08.2017  
Dykkar dato  
03.08.2017

Vår referanse  
2017/9766 421.4  
Dykkar referanse  
17/2191

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Uttale til Offentleg ettersyn av mindre endring av reguleringsplan for Sundeheim - Lindås – Gnr. 137 bnr. 120 mfl.**

Vi viser til brev datert 03.08.2017 med melding om høyring av framlegg til mindre reguleringsendring for Sundeheim (plan-id 1263-201103). Høyringsfrist er 31.08.2017.

Føremålet med endringa er mellom anna å endre rekkefølgekrava for å opne for trinnvis utbygging. I detalj gjeld dette oppdeling av rekkefølgekrav knytt til etablering av vegar, gangvegar og leikeplassar. Det er også foreslått å fjerne kravet til universell utforming av bueiningar, endre byggegrensene innanfor bustadområda, legge til rekkefølgekrav knytt til etablering av parkeringsplassar og fortau, samt fastsette maksimalt tal på bueiningar innanfor kvart delområde.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen meiner at endringane i planen i hovudsak er kurante og framleis vil sikre fortau til dei fleste områda i planen. Eit unntak er at med dei nye endringane kan BK06 og BF01 byggast ut med berre eksisterande veg utan fortau (KV03).

Vi viser til Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging (2014). Planlegging skal bidra til å styrke sykkel og gonge som transportform.

Rekkefølgekrav om fortau har fleire funksjoner. I tillegg til trygg skuleveg blir det også brukt av barn for trygg tilkomst til fritidsaktivitetar og vennebesøk. Eit trygt fortau har også stor betydning for mjuke trafikantar generelt som kan nå nærmaste busstopp på ein tryggare måte. Det er eit viktig klima- og folkehelseiltak for heile samfunnet.

Fylkesmannen rår til at det vert lagt til eit rekkefølgekrav som sikrar opparbeiding av fortau før det vert gjeve bruksløyve for BK06 og BF01.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*